

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Tilleggsliste nr 7, Skav. Fylke: Møre og Romsdal

Tillegsspørsmålnr.

Herad: Voll

Emne:

Bygdelag: Måndalen

Oppskr. av: Sigurd Vollset

Gard:

(adresse): Måndalen i Romsdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1

Det er ukjent i vår bygd at krøterhandlarane gav meir for ei ku som hadde fått om vinteren.

2

Eg veit ikkje av at ei ku som hadde fått skav, fekk svart kjøt, som var vanskeleg å selje.

3.

Eg har ikkje høyrte at mjølk av ku som hadde fått skav, var farleg for kalvar eller smågrisar. Men om ikkje mjølka var beint fram farleg, så sa dei at ho var sterk, så dei var noko varsame så dei ikkje gav grisen, som er illtolug, noko større av mjølk frå ei "skavku". Det smaka litt av mjølka når kua hadde ete skav, t.d. av rogn.

4.

Det var ikkje nokon viss mengde dei skov til kyrne. Det kunne vere så ymse, etter som dei hadde for til. Var dei etter måten bra forsynte med høy og halm, skov dei mindre, & hadde dei knapt med for, skov dei meir. - Men dei skov kvart år, endå om dei hadde "mykje" høy. Mykje høy etter vår rekning hadde dei sjølv sagt aldri, - vårknipe var det kvart år. - I mi bygd var det ingen fast regel for fönaden med skav, som i Vest-Agder. Men det er bygder i Romsdal, der skav spela ei mykje større rolle enn her. - Men i vår bygd og var skav ein sers viktig faktor i foringa av kyr, - ja, sauene og åt mykje skav. Men han måtte som oftast gnage av borken sjølv.

5.

Skjevlet som dei skov med her i bygda, var bøygd i halvsirkel og sett på treskaft. Det kunne og nyttast til ymse utholingsarbeid.

6.

Den måten å stø skavljåen mot ein staur som rakk opp under beten, er ukjend her. - Når dei laga bandstakar, brukte dei bandstol.

7.

Dei gardane som hadde lite skavskog, skov lite. Alle gardar hadde noko slik skog. Men det var stor skilnad. Summe fekk leige skavskog på den måten at dei hogg noko lite etter som dei vart forlikte med eigaren. Men det var ikkje ofte det vart leigt skavskog. Gardbrukarane her i bygda hadde ikkje lite av rogn, selje og osp. Om dei ikkje hadde så rikeleg av alle desse sortane, så hadde dei då nok til skav. Det var ikkje mange som var så heldige at dei hadde alm. Almen var best.

8.

Ved delinga av sameige vart det nok i gamal tid teke omsyn til både skav og bandstakar og nøtteskog. Men ikkje i seinare tid.

9.

Det vart teke skav i ålmenning. Men det var somme som ikkje likte det, - dei som hadde stor eigedomsrett og skov etter måten lite.

10.

Eg kjenner ikkje til at husmennene hadde rett til å ta skav i skogen til husbonden. Men oftast fekk ~~dei~~ lov til det likevel. Men ikkje alle gardeigarar var like gjevsmilde slik.

11.

Ordet skavhelle er ikkje kjent her.

12.

At nissen hadde skavet på att dersom ein slurva med skavinga, har eg ikkje høyr.